



ÅSERAL KOMMUNE

Avd. for drift og utvikling

Det kongelige Miljøverndepartementet

pB.8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref: 200600203-/DH	Vår ref: 06/00449-1	Sakshandsamar: Odin Refsnes Tlf: 38 28 58 34 E-post: odin.refsnes@aseral.kommune.no	Arkivkode: L30 &00	Dato: 31.07.2006
------------------------------	------------------------	--	-----------------------	---------------------


HØRING - FORSKRIFT OM EIENDOMSREGISTRERING (Matrikkelforskriften)

Her er Åserval kommune sine merknader/kommentarar til forskrifta:

(Forskrifta har vore gjennomgått av rådmann, Avd.sjef DRU (teknisk sjef) og underteikna her i kommunen.)

- Meiner at det bør stilles krav til kommunen bør på lik linje med andre landmålarføretak, for å drive med oppmålingsforretningar etter ny lov, dersom kommunen skulle vedta oppmålingsmonopol.
- Urimeleg høgt gebyr for godkjenningsordninga, sett i høve til den godkjenningsordninga som BE har i dag (Årsgebyr på kr.1100,-) og i høve til det kommunen kan ta inn i gebyr for matrikkelføring der selvkostprinsippet er lagt til grunn.
- Stiller spørsmål med korleis det klare skillet mellom myndighet og teneste skal kome fram, slik denne loven skulle legge opp til. Trur desse rollene kjem til å bli blanda både i privat og kommunal regi.
- Har forstått det slik at det skal leggjast mva på tenestedelen og ikkje på myndighetsdelen. Vi tykkjer at å leggje meirverdiavgift på tenestedelen er ein uting. Det bør vere ein fordel for alle å få klart definerte og oppmålte grenser, både for privatpersonar, kommune og stat. Derfor bør dette vere så enkelt og rimeleg som mulig og det bør difor ikkje leggjast meirverdiavgift på dette arbeidet.

Med helsing



Odin Refsnes
overingeniør

Kopi til:

Arkiv

Åseral kommune, avd.sjef DRU 4540 ÅSERAL
Åseral kommune, rådmann 4540 ÅSERAL